

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	27.11.2014
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	4 / 2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
23/14	Godkjenning av protokoll frå møte 28. august 2014
24/14	Orientering om budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
25/14	Oppfølging av rapport Barnevern
26/14	Bestilling av forvaltningsrevisjon: Legekontor
27/14	Kontrollutvalet sin årsplan 2015
28/14	Statusoversikt pr. november 2014

Referatsaker/meldinger

Periode:		28.08.2014 - 27.11.2014
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
6/14	13/00327-11	Forvaltningsrevisjonsrapport - Pleie og omsorg

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Forsand, 21.11.2014

Inger Anita Merksdal
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

Vedlegg:
[Medlemsoversikt](#)

23/14 Godkjenning av protokoll frå møte 28. august 2014

Arkivsak-dok. 13/00014-13
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	23/14

Protokoll frå møtet den 28. august 2014, vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 28. august 2014.

SANDNES, 20.10.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:
[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 28.08.2014](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

24/14 Orientering om budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Arkivsak-dok. 13/00330-4
Arkivkode. 151
saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	24/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med kommunen si forvaltning. Ein viktig del av dette er å sjå til at kommunen har ei forsvarleg økonomistyring. Som eit ledd i dette tilsynet pleier kontrollutvalet å be om å få ei orientering om årsbudsjettet for komande år og økonomiplanen for dei neste fire åra.

Saksutgreiing

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere kontrollutvalet om budsjett 2014 og økonomiplan 2014 – 2017.

Budsjett og økonomiplan vert send kontrollutvalet i papirversjon frå kommunen.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si utgreiing til orientering.

SANDNES, 19.11.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:
[Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

25/14 Oppfølging av rapport Barnevern

Arkivsak-dok. 13/00214-8
 Arkivkode. 217
 saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	25/14

Bakgrunn

Kommunestyret behandla i møte den 02.04.14 rapport frå forvaltningsrevisjon «Barnevern» og fatta følgjande vedtak:

- *Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen « Barnevern» til orientering.*
- *Kommunestyret ber rådmannen koma med forslag til førebyggjande tiltak som kan redusera barnevernssaker.*
- *Rapporten vert oversend rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret får tilbakemelding via kontrollutvalet om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgt opp ca 6 månader etter at kommunestyret fatta vedtaket.*

I rapporten kom revisor med følgjande tilrådingar til kommunen:

1. *Vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.*
2. *Vurdere hvordan man kan redusere antall fristoverskridelser ved håndtering av meldinger og gjennomføring av undersøkelser.*
3. *Sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.*
4. *Fortsatt vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.*

Saksutgreiing

Rådmannen har i brev av 15.10.14 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp, sjå vedlegg.

I sitt svar gjer rådmannen reie for kva tiltak som er satt i verk i forhold til dei ulike tilrådingane.

1. Vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.

Til tross for eit krevjande år, har sjukefråværet gått ned samanlikna med 2013. Tenesta har 2 årsverk og barnevernsleiar har 20 % permisjon. I følgje rådmannen kan det ikkje bli meir stabilt.

2. Vurdere hvordan man kan redusere antall fristoverskridelser ved håndtering av meldinger og gjennomføring av undersøkelser.

I inneverande år er tidsfristane haldne både på meldingar og undersøkingar tross stor arbeidsmengde.

3. Sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.

I følgje rådmannen er lovkrava om oppfølging av barn i fosterheim og lovkravet om tilsyn med fosterheim og beredskapsheim i Forsand kommune oppfylt i inneverande år.

4. Fortsatt vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.

Det er ikkje vurdert nærmare interkommunalt samarbeid, men barnevernsleiar har jamlege samarbeidsmøter med Strand og Hjelmeland. Det blei i 2014 søkt om ei felles stilling for desse 3 kommunane, men det blei ikkje prioritert frå fylkesmannen. Rådmannen utelukkar ikkje at det kan bli aktuelt med eit samarbeid med større kommunar som Stavanger eller Sandnes når BUF – etat gjer endringar av tiltaksområda sine.

Elles opplyser rådmannen om at Forsand kommune v/ helse- og sosial i samband med budsjettbehandlinga i desember vil «fremje sak om oppretting av ein ny stilling til å drive utøvande førebyggingsarbeid, og ein vurderer å leggje denne stillinga til helsestasjonen. Ein vurderer at ei slik stilling kan redusere presset på barnevernstenesta på sikt».

Rådmannen har svart på alle tilrådingane i rapporten. Vi viser elles til rådmannen sitt svarbrev.

I følge kontrollutvalgsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Barnevern» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

SANDNES, 24.09.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Barnevern](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

26/14 Bestilling av forvaltningsrevisjon: Legekantor

Arkivsak-dok. 14/00090-2
 Arkivkode. 217
 saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	26/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møte den 28.08.14 å bestille forvaltningsrevisjon «Legekantor». Prosjektet er valt ut frå oppslag i media, og kontrollutvalet har flytta området frå uprioriterte prosjekt til prioriterte prosjekt. Bestillinga skjer innanfor ramma for vedtatt budsjett for kontrollutvalet i Forsand kommune.

Saksutgreiing

Revisor har sendt over prosjektforslag (sjå vedlegg) som dannar grunnlag for bestillinga.

I prosjektforslaget er det føreslått følgjande formål: «å undersøke organisering, samarbeidsklima, økonomi, legedekning, kvalitet og tilgjengelighet til legetjenesten i Forsand kommune.»

Ut frå dette formålet, føreslår revisor å sjå nærmare på følgjande problemstillingar:

- *Hvor store utgifter har Forsand til legetjenesten, sammenlignet med andre kommuner? Og hvordan har utviklingen vært de siste årene?*
- *Har alle innbyggerne i Forsand fastlege, eller finnes det noen som ikke har fått fastlege? Hva er ev. årsakene til det? Hvor mange innbyggere fra andre kommuner har fastlege i Forsand?*
- *Hva er grunnen til at gjennomsnittlige listelengden er lav i Forsand kommune?*
- *Hvordan fungerer organiseringen av fastlegeordningen i Forsand kommune?*
- *Hvordan fungerer samarbeidet mellom legene?*
- *Hvordan er kvaliteten og tilgjengeligheten til legetjenesten i Forsand kommune?*

Revisor føreslår ei ramme for prosjektet på ca. 150 timar.

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet vurdere om formål, problemstillingar og anne beskriving av prosjektet dekker det som kontrollutvalet ønskjer å oppnå med denne forvaltningsrevisjonen. Dersom utvalet ser andre problemstillingar som burde vore med, er det viktig å få desse med i dette møtet. Det er bestillinga som kontrollutvalet vedtar no som er styrande for den rapporten som utvalet til slutt mottar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand bestiller prosjektet «Legekantor» i tråd med forslag til mandat og med dei endingar/presiseringar som kom fram i møtet.

SANDNES, 17.10.2014

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Forslag til mandat Forvaltningsrevisjon: Legetjenesten - RR Forsand 2014](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

27/14 Kontrollutvalet sin årsplan 2015

Arkivsak-dok. 13/00328-8
 Arkivkode. 146
 saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	27/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet og inngår som ein del av kontrollutvalet sin rapportering til kommunestyret.

Saksutgreiing

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandling i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet reknar med å arbeide med i året som kjem. I vedlegg er forventa saker delt ut på dei einstilte møta i året som kjem.

Planen si oversikt over oppgåver for komande år er basert på kva me kjenner til i dag. Samstundes er planen likevel så fleksibel at kontrollutvalet kan gripe fatt i saker som oppstår undervegs i året. Ei anna forhold er at saker kan verte forsinka eller må flyttast på grunn av saksmengde til eit møte.

Som nemnt er årsplanen òg ei del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedtekte årsplanen blir difor oversend kommunestyret til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand vedtek årsplanen 2014 med dei endringane som kom fram i møtet
2. Vedteken plan vert send til kommunestyret til orientering

SANDNES, 21.11.2014

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:
[Årsplan 2015 - Forsand kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

28/14 Statusoversikt pr. november 2014

Arkivsak-dok. 13/00087-20
 Arkivkode. 217
 saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.11.2014	28/14

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2013. Om dette let seg gjere, avhenger av revisjonen sin kapasitet.

Til dette møte er det følgjande endringar:

- *Bestilling av forvaltningsrevisjon «Legekantor»*
- *Oppfølging av forvaltningsrevisjon «Barnevern»*
- *Selskapskontrollen «Eigarskapsforvaltning» ble i førre møte utsett til 2016.*
- *Rapport om forvaltningsrevisjon «Pleie og omsorg» dato for oppfølging er sett.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. november 2014 til orientering.

SANDNES, 03.10.2014

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker november 2014](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

Referat-/meldingssaker

[6/14 Forvaltningsrevisjonsrapport - Pleie og omsorg](#)

Arkivsak-dok. 13/00327-11
Arkivkode. 217

[Saksliste](#)